Referat frå Lop Gudbrandsdal sin dagstur til Brimi seter 27. august 2026

Heile 45 personer frå LOP Gudbrandsdalen hadde meldt seg på dagsturen vår til Brimi seter, med spanande mat og historieforteljing på programmet. Alle fekk ordna seg skyss med nokon eller kjøyrde sjølve. Vergudane var med oss; sola skein over vakre Tessesjøen med fjell og setrar, og vi fekk ei fin stund ute før vi vart bedne opp til langborda på låven.





Sjefen sjøl, Hans Brimi, orienterte oss om korleis dette spesielle måltidet skulle gå føre seg, vi bestilte drikke, og så kom dei heimsmidde grillane til ostesmeltinga på plass. Store tallerkenar med bugnande salat og spekemat mm kom på bordet, og vi kunne «skråppå tå» den smelta osten og nyte alle dei framifrå smakane.



Hans Brimi fortel om kva vi kan vente oss



Lunsjtallerken og ostegrillen

Då berre skorpa av osten var att, var det Hans sin tur til å fortelje den interessante historia om Brimisetra i gamal og ny tid og om fiskeretten i Tesse og korleis den har vorte utvida. Spanande kunnskap formidla med ein stemme og ein dialekt som var som fløyel i øyra, gjorde oppleving ekstra fin, og enno var det ikkje slutt: Dessert med karamellpudding med vaffelhjarte og ymse bær vart servert, og musikkstudenten med sommarjobb på setra, Linda Brenden, sette punktum for den gastronomiske opplevinga med både sang og vakkert felespel. Etterpå kunne vi handle med oss godbitar frå matutsalet på setra, og mange tok og turen ned i oste- og vinkjellaren.



Stolt ystar i ostekjellaren

Stor takk til Birgit som har stått på hardt for å få til dette og til OP Hansen for bileta!

Liv Storbækken
sekretær